

Høyringsnotat frå Dag og Tid om mediestøttelova

Dag og Tid takkar for at vi kan koma med ei fråsegn til høyringa om framlegg til lov om mediestøtte.

Etablering av eit Mediestøtteråd

Dag og Tid meiner det er viktig at mediepolitikken vert utforma av politisk valde styresmakter. Det er difor uheldig at det føreslegne Mediestøtterådet ikkje skal vera eit organ som er underlagt folkevald kontroll.

Vi stiller oss her fullt og heilt bak fråsegn til Mediebedriftenes Landsforening. Slik framlegg til Mediestøtterådet er utforma, vil det opna for skjønsvurderingar der vedtaka i rådet vil vera baserte på medlemene sine eigne meininger, og såleis skapa eit demokratisk underskot der regjeringa og Stortinget mister avgjerande mynde.

Slik det er lagt opp no, vil Mediestøtterådet få meir makt enn til dømes Kulturrådet. Mediestøtterådet fastset sine eigne forskrifter (s. 23). Det gjer ikkje Kulturrådet. På s. 20 heiter det jamvel at «mål og føringer for mediepolitikken som ikke fremkommer av lov om mediestøtte, er ikke rettslig bindende for rådet».

Gjennom vedtak skal Stortinget for fire år om gongen fastsetje «nivået på mediestøtten» (s. 14). Mediestøtterådet fordeler sjølv midlane mellom støtteordningar. Dei fleste støtteordningane som det nye rådet forvaltar, skal byggja på objektive kriterium.

Typisk for slike ordningar er at skjønsvurderingane som ligg til grunn for desse kriteria, ikkje er synlege. Den viktige nynorskfaktoren Medietilsynet har innført for meiningsavisar, har sine desimalar nettopp fordi ein vurderte det slik at omlegginga ikkje skulle endra tilhøvet mellom løvyingane. *Ingen* løvingsvedtak i Mediestøtterådet kan ankast av di dei ikkje er einskildvedtak (s. 22).

Vidare kan rådet på eige initiativ endra fordelinga av midlar mellom dei ulike støtteordningane frå eitt år til neste utan at korkje departement, regjering eller Stortinget kan gripa inn.

Språk og nynorsk i mediebiletet

Vurderingane av krav til medlemer i Mediestøtterådet er ryddige og nødvendige. Det heiter på s. 29 at ein skal ta omsyn til mellom anna «geografisk spredning, kjønnsbalanse og kulturelt mangfold».

Men mykje røysle tilseier at dei siste orda ikkje gjeld nynorsk versus bokmål. Vi meiner difor at den særeigne språksituasjonen i Noreg, med to likestilte norske språk, må nemnast spesifikt, og at nynorsk treng særleg merksemrd i Mediestøtterådet.

Fleirtalet i Stortinget slutta seg 11.6.2019 til *Meld. St. 17 (2018–2019) Mangfold og armlengds avstand. Mediepolitikk for ei ny tid*. Dag og Tid registrerte der at meldinga var typisk «ved at dei einaste språkpolitiske spørsmåla regjeringa tek opp, gjeld samiske og

historiske minoritetsspråk. Frå 1967 til 2017 utgreidde sju offentlege utval pressestøtta. Ingen av utvala drøfta norsk språk generelt og nynorsk spesielt».

Då er det positivt at familie- og kulturkomiteen i *Innst. 365 S (2018–2019) 3.6.2019* skrev på s. 16 f.:

«Nynorsk er under press fra både bokmål og engelsk, og komiteen viser til at kulturmeldingen slår fast at ‘[d]et er behov for ein overordna og aktiv språkpolitikk som balanserer maktforholda mellom ulike språklege hegemoni. I nokon grad kan ein overordna strategi gjelde all språka generelt, i andre samanhengar er det viktig å målrette tiltak overfor kvart enkelt språk’. Komiteen legger til grunn at avisar som er redigert på nynorsk, ikke kommer dårligere ut av den nye mediestøtteordningen enn de gjør i dag. Dette er avgjørende for at både nynorsk og bokmål kan være samfunnsbærende språk i Norge.»

Men det er diverre ein passiv kommentar å skriva at ein ikkje skal koma *dårlegare* ut. På grunn av den vanskelege situasjonen for den nynorske pressa bør ein difor gå inn for at dei nynorskredigerte avisene burde koma *betre* ut, om ein meiner noko med at både nynorsk og bokmål skal «være samfunnsbærende språk i Norge».

Det har lenge vore dokumentert at pressestøtta er like viktig for nynorskbrukarane som innkjøpsordningane i Norsk kulturråd.

Som det står i St.meld. nr. 35 (2007–2008), s. 211: «Alle dei små nynorskavisene som nyt godt av pressestøtte, gjer at dette kanskje er den viktigaste enkeltståande støtteordninga for nynorsk skriftkultur i det heile, jamvel om dette i utgangspunktet ikkje er ein del av grunngjevinga for ordninga. Dette språkpolitiske perspektivet må i høg grad takast med i vurderinga ved framtidige vurderingar av pressestøtteordninga.»

Likevel kjem avisar redigerte på nynorsk därleg ut når pressestøtta vert fordelt: Av dei 318,1 millionane i pressestøtte til avisar fekk dei nynorsk redigerte avisene berre 23,7 millionar, dvs. 7,5 prosent av totalen.

Tala syner at nynorsk kjem därleg ut. Det bør ein retta opp ved å ta inn ambisjonar om at nynorskpressa skal få ein rimelegare del av ordninga.

På eitt viktig punkt kan det vera juridisk relevant, og det gjeld EØS-avtalen (s. 7). Det har vore nokre rundar med overvakingsorganet ESA om norske støtteordningar, og nettopp språkpolitiske omsyn har – slik Dag og Tid har skjøna det – vore eit av argumenta norske styresmakter kunne syna til. Dessutan skriv departementet at regjeringa vurderer «å gjøre tilskuddsordningen for samiske avisar plattformnøytral» (s. 17).

Når ein slik realkommentar er med om samisk, bør regjeringa òg nytta høvet til å følgja opp den samrøystes komitémerknaden om nynorsk. Kor viktig dette er, kjem òg fram i det som står på s. 21: «Når det konkret gjelder målene fra Mediestøttetmeldingen, er de ment å være førende forrådets virksomhet.»

Sveinung Lindaas
styreleiar i Dag og Tid AS